

Til kommunalsjefar for helse og omsorg i Nordhordland:

Radøy: Mette Fauskanger, Lindås: Leni Dale, Meland: Tord Moltumyr
Masfjorden: Helga Ellingsen, Austrheim: Monika Kvamme

Knarvik 31. mai 2017

Ytre Nordhordland Demensforening er ein del av Nasjonalforeningsa for Folkehelsa. Vi er ein interesseorganisasjon for personar med demens, og jobbar lokalt blant anna med å tilby hjelp og støtte til personar med demens og deira pårørande.

Demensforeninga har og ei viktig rolle som talsperson for personar med demens og deira pårørande, inn mot dei ulike kommunane i Nordhordland. Ein del personar med demens og deira pårørande kontaktar oss når dei vert ramma av denne sjukdommen.

I vårt arbeid har vi eit behov for å få ein oversikt over tilbodet som kommunane har til personar med demens. Vi håper difor at de kan svare på spørsmåla vi har stilt litt lenger nede i dette brevet.

Eit anna formål med brevet er at vi gjerne ønskjer å kome i dialog med dykk om kva vi som frivillig forening kan bidra med for å hjelpe demensramma og pårørande i dykkar kommune.

Vi set stor pris på om de kan svare på følgjande spørsmål så snart som mogleg, seinast innan 15. aug 2017. Svar gjerne på mail til leiar Laila Pletten: plettenlaila@gmail.com

1. Har kommunen ein Demensplan?
2. Eit tilbod som skal bli lovpålagt i følgje Demensplanen 2020 er dagtilbod for personar med demens.
 - a. Kva dagaktivitetstilbod har de til personar med demens i dykkar kommune?
 - b. Og er dagaktivitetstilboden ope heile året?
 - c. Korleis organiserar kommunen transport til og frå dagtilboden?
 - d. Har de eiga tilbod til yngre personar med demens?
3. Har kommunen eit Hukommelsesteam/Demensteam, og korleis er det organisert?
4. Kva rutinar har kommunen for å følgje opp ein person som nettopp har fått demensdiagnose? Korleis vert personen med demens og deira pårørande fylgt opp når diagnosen er stilt?
5. Korleis driv de opplæring av dei tilsette i heimetenesta og på institusjonar som skal jobbe med personar med demens?
6. Kva avlastningstilbod tilbyr kommunen personar med demens og deira pårørande? Tilbyr kommunen kurs for pårørande? Har de andre tilbod for pårørande til personar med demens?
7. Kor langt er kommunen komt i arbeidet med Demensvenleg Samfunn?

På førehand takk – vi ser fram til å høyre frå dykk!

Med helsing for styret i Ytre Nordhordland Demensforening

Laila Seifaldet Pletten
Leiar

Britt Hansen
Nestleiar

